



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
08/2021	Valstyret	PS	13.04.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-011	20/1107

TID OG STAD FOR STEMMEGJEVING PÅ VALTING

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Røystetider og røystestader under valting ved Stortings- og sametingsvalet 2021:

Krinsnr.	Krinsnamn	Røystestad	Røystetid
01	Dale	Dale skule	1100 – 2000
02	Vaksdal	Samfunnssalen Vaksdal	1100 – 2000
03	Eidsland	Eidsland grendahus	1100 – 1800

Valstyret - Sak 08/2021

VAL - Behandling:

Amalie Johnsen Lunde. H, ønske utfyllande informasjon om vurderingar gjort til stengetid.

Politisk sekretær Lin Tove Thomassen svarte.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VAL - Tilråding/Vedtak:

Røystetider og røystestader under valting ved Stortings- og sametingsvalet 2021:

Krinsnr.	Krinsnamn	Røystestad	Røystetid
01	Dale	Dale skule	1100 – 2000
02	Vaksdal	Samfunnssalen Vaksdal	1100 – 2000
03	Eidsland	Eidsland grendahus	1100 – 1800

Politisk behandling

Avgjerast av valstyret

Saksopplysningar:

Føresegner om opningstida/røystetida står i vallova § 9-3 (2). Valstyret fastset opningstidene. Vallova inneheld ikkje reglar som regulerer røystetida, men røystegjevinga mandag må ikke føregå seinare enn kl 2100.

Når valstyret skal fastsetja tid for røystinga, skal det leggjast avgjerande vekt på omsynet til veljarane, at dei får rimeleg tid til å røyste. No skal valstyret også ta omsyn til smittevernreglar ved planlegging av valet.

Tal manntalsførte i Dale krins er 1519, Vaksdal 874 og Eidsland 497. I Eidsland krins møtte 110 veljarar opp på valdagen i 2019, medan 758 møtte på Dale og 581 på Vaksdal.

I Vaksdal kommune er det 3 røystekrinsar, for dei to største krinsane er det førlått lik røystetid. For krins 3 Eidsland vert røystetida noko redusert, erfaring og tal røysteføre tilseier at det ikkje er behov for å ha ope like lenge. Tidlegare år har vallokala på Dale og Vaksdal stengt kl 2000, medan lokalet på Eidsland stengte kl 1800. Kommunedirektøren tilrår same opningstida under valting i 2021, samt set opp fleire valavlukke i vallokala på Vaksdal og Dale for å redusere sannsynlegheita for større kødanning framfor avlukka.

Valstyret må ta omsyn til mellom anna rørslehemma veljarar når dei avgjer kva lokale det skal haldast valting i. Røystinga skal leggjast til lokale som er lett tilgjengelege, og der alle veljarar kan ta seg inn utan å måtte be om hjelp. Kravet til tilgjenge gjeld for alle vallokala i kommunen.

I tillegg skal det tilretteleggast i høve til smittevernretteleiaren frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Dette gjelde mellom anna å legge til rette for ein utgang og ein inngang der det er mogleg, avstandskrav, organisering av kø og vallokale.